



# Informasjon om demens og demensteamet



## Kva er demens?

Demens er ei fellesnevning for fleire hjernesjukdomar som oftast opptrer i høg alder. Det viktigaste kjenneteiknet på demenssjukdom er hukommelsesvikt.

Demens kan og føre til desse endringane:

- Sviktande språkfunksjon t.d. ordleiting
- Endra personlegdom
- Angst og depresjon
- Sviktande evne til å utføre praktiske handlingar
- Sviktande evne i høve til å kjenne att ting
- Nedsett orienteringsevne

Sjukdomsforløpet kan variere.

Det vanlegaste er gradvis nedsett meistringsevne.

Symptoma er få og knapt merkbare i starten, men blir etter kvart fleire og tydelegare.

Om du eller nokon av dine næraste byrjar å gløyme mykje og/eller endrar åtferd kan du ta kontakt med demensteamet i Aurland

E-post: [Demensteam@aurland.kommune.no](mailto:Demensteam@aurland.kommune.no)

Nasjonalforeningens demenslinje 81533032

Du finn og meir informasjon om demens på Helsedirektoratet si nettside

[www.helsenorge.no/demens](http://www.helsenorge.no/demens):

## Demensteamet i Aurland:

Teamet består av geriatrisk sjukepleiar og sjukepleiar, begge knytta til pleie- og omsorgstenesta.

Teamet har samarbeid med legane, heimesjukepleien, og andre yrkesgrupper v/behov.

Demensteamet som rettar seg mot både pasientar og pårørande, kan yte følgjande tenester:

- Heimebesøk der ein føretekt utgreiing og kartlegging.
- Samtale og informasjon til både pasient og pårørande.
- Vurdering av tiltak og kva type hjelp den enkelte har behov for.
- Hjelp til å skrive søknad om støttekontakt, dagsenter og liknande.
- Hjelp til sikring i heimen, evt. formidle kontakt med ergoterapeut.
- Oppfølging i heimen og evt. på institusjon

## Pårørandeskule og samtalegruppe:

Demensteamet har som mål å tilby pårørandeskule som er eit kurstilbod til deg som har eit familiemedlem som har minnesvikt eller demenssjukdom.

Gjennom forelesningar og samtalegrupper får du kunnskap om demens og kva følgjer dette kan ha for personen med demens og for deg som pårørande.

Du vil møte andre pårørande i same situasjon og fagpersonar med kompetanse på området.

Du kan kontakte demensteamet på følgjande måte:

Resepsjon Helsetunet tlf: 57631850 kl. 09-15 månd-fred.

Dersom demensteamet ikkje er til stades, legg att beskjed så tek me kontakt.

Postadr: Demensteam  
Skjerdalsvegen 31  
5745 Aurland

E-post: [Demensteam@aurland.kommune.no](mailto:Demensteam@aurland.kommune.no)